

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I STORD KOMMUNE



1. Eigartilhøve

Stord kommune er ansvarleg for drifta av dei barnehagane som er omfatta av desse vedtektene. Barnehagane er administrativt knytt til rådmannen. Det daglege ansvaret for drifta er delegert til styrar/einingsleiar i den einskilde barnehage.

2. Føremål

Barnehagelova §1:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Barnehagane skal drivast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande barnehagelov med forskrifter, kommunale vedtak og årsplan for den einskilde barnehage.

3. Foreldreråd og Samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og samarbeidsutval, jf barnehagelova § 4.

Foreldreråd

Føresette til barn i barnehagen er medlemmer i foreldrerådet. Foreldrerådet skal fremja felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom foreldregruppa og barnehagen skapar eit godt barnehagemiljø. Ved røysting vert det gjeve ei stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

Foreldrerådet kan be om å få lagt fram saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen, og har rett til å uttala seg i slike saker før avgjerd vert teke. Styrar kallar inn til første møte som er i august/september. Dei øvrige foreldrerådsmøta kan styrar kalla inn til etter avtale.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vera samansett slik

- To representantar frå føresette
- To representantar frå dei tilsette
- Ein representant frå eigar (kommunestyret vel kommunen sine eigarrepresentantar til samarbeidsutvala)

Det skal vera vararepresentantar for alle gruppene. Styrar har ansvar for innkalling. Referat frå møta skal sendast Utval for Oppvekst og kultur til orientering. Medlemmene har teieplikt etter Forvaltningslova § 13.

4. Leike- og opphaldsareal

Norm for barna sitt leike- og opphaldsareal inne er 4m² per barn over tre år og 5,3 m² per barn under tre år. Ute bør arealet vera om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet per barn inne.

5. Opningstid

Barnehageåret er i perioden 15.08.- til 14.08. Barnehagane er stengt helge- og høgtidsdagar, samt jul- og nyttårsafta. Onsdag før Skjærtorsdag er barnehagane opne til kl.12.00. Barnehagane har fem dagar i året til planlegging. Planleggingsdagane vert lagt til elevfrie dagar på skulen. Det vert kvart år utarbeida ei felles barnehagerute for dei kommunale barnehagane som vert lagt ut på kommunen si heimeside.

Opningstida til barnehagane er kl.06.30 – 16.15 (måndag – fredag).

6. Ferie

Barna skal ha minst fire veker ferie i løpet av eit barnehageår. Tre av vekene skal vere samanhengande og avviklast i tidsrommet 15.06-14.08. Fråvær grunna sjukdom vert ikkje rekna som ferie. Barna sin sommarferie skal meldast frå om til barnehagen innan 01.05 i inneverande år.

Dei to første vekene i juli er barnehagetilbodet i dei fem kommunale barnehagane samlokalisert i ein barnehage, jf barnehageruta. Dei to siste vekene i juli er alle stengt.

7. Foreldrebetaling

Barnehagane følgjer statlege satsar for maksimalpris på heiltidstilbod i barnehage. Kommunestyret fastset satsar for deltidsplass. Foreldrebetalinga gjeld for 11 månader i året, der juli er betalingsfri. Aktuelle betalings-satsar finn ein på kommunen sin heimesida.

Det vert gjeve 30 prosent søskenmoderasjon frå og med søsken nummer to og gratis barnehageplass frå og med søsken nummer tre. Dersom søsken går i ulike barnehagar gjeld same reglar for søskenmoderasjon.

Redusert foreldrebetaling/friplass kan gjevast etter søknad frå føresette med låg inntekt. Informasjon og søknadsskjema ligg på kommunen si heimeside.

Søskenmoderasjon omfattar søsken som bur fast saman. Barn vart rekna for å vera fast busett på adressa der dei er folkeregistrert.

Der føresette har avtalt delt bustad for barnet, skal barnet reknast for å vera fast busett begge stader/med begge føresette. De må levere søknad med dokumentasjon om samværsavtale (minimum 40%) til Stord kommune v/ Barnehageopptak.

Fråtrekk i opphaldsbetaling ved langvarig og alvorleg sjukdom hjå barn kan søkjast om til styrar i barnehagen der barnet har plass. Styrar tek avgjer etter ei samla vurdering av situasjonen.

8. Matbetaling

Barnehagane serverer frukost, lunsj og fruktmåltid i barnehagen. Betaling for mat kjem i tillegg til opphaldsbetalinga. Matbetalinga skal vera til sjølvkost og justerast ved behov og i samråd med SU. Søskenmoderasjon gjeld ikkje for matbetaling.

Dersom barnet skal ha spesialkost, tek føresette sjølv med maten til barnet. Unntak kan vera små justeringar som ikkje medfører auka kostnad og tid til førebuing.

Spørsmål om dette tek ein opp med den enkelte barnehage. Styrar ved den enkelte barnehage kan krevje legeattest ved behov/ønskje om spesialkost.

9. Oppseiing

Det er ein gjensidig oppseiingsfrist på ein måned frå den 1. i påfølgande måned. Døme: Dersom eit barn ikkje skal ha barnehageplass frå 1. oktober, må plassen seinast seiast opp innan 1. september. Manglande betaling kan vera oppseiingsgrunn. Dersom plassen vert sagt opp etter 1. april, må ein likevel betala ut barnehageåret, dvs. til og med 14. august. Oppseiing av barnehageplass skal som hovudregel gjerast elektronisk i IST-hypernet, og det må betalast for heile oppseiingstida.

Flytting frå kommunen

Dersom familien flyttar ut av kommunen kan barnehageplass behaldast i inntil ein måned. Dersom særlege grunnar tilseier at barnet bør fortsetja i barnehagen ut over ein måned, kan føresette søkja om dette til barnehageeigar.

10. Permisjon

Permisjon og endring av opphaldstid i løpet av bruksåret vert berre gjeve i særskilde høve. Døme: Endra arbeidssituasjon som får store konsekvensar for familien, svangerskapspermisjon, livskrise/sjukdom. Permisjon og endring av opphaldstid skal følgja bruksåret.

Det vert ikkje gjeve permisjon etter 30. april som gjeld same bruksår, eller for einskildmånader. Det vert ikkje gjeve permisjon frå plass som ikkje har vore i bruk minimum seks månader.

11. Barnehageopptak

Samordna opptak

Stord kommune har eitt samordna opptak med søknadsfrist 1. mars. Barns som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt plass, har rett på slik plass dersom det vert søkt innan lokal frist for samordna opptak. Barn som fyller eitt år i september, oktober og november har etter søknad innan lokal frist rett til å få plass i barnehage frå den månaden dei fyller eitt år.

Tildeling av barnehageplass gjeld fram til skulestart eller til plassen vert sagt opp. Foreldra sine ynskje og behov skal så langt som mogleg innfriast.

Ved samordna opptak kan søkjar klaga over avslag på søknad om plass. Søkjar kan også klaga dersom han verken får første eller andre ynskje oppfylt.

Supplerande opptak

Det er opptak gjennom heile året dersom det vert ledig plass. Gjeld barn med og utan barnehageplass som søkjar utanom fristane for samordna opptak.

Alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeida om opptak av barn. Kommunen er å sjå som eitt opptaksområde. Deretter opptak når ledige plassar.

Ved supplerande opptak kan berre søkjarar til barnehage med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova § 18 klaga dersom dei ikkje får tilbod om plass i den aktuelle barnehagen når ledig plass.

Opptakskrets

Barn busett i Stord kommune og barn som flyttar til kommunen innan utgangen av august det året det er søkt barnehageplass.

Prioritering ved opptak (gjeld både samordna opptak og supplerande opptak)

1. Barn med nedsett funksjonsevne og barn det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd. Jf. barnehagelova § 18. Krav til dokumentasjon for barn med nedsett funksjonsevne: Skriftleg sakkunnig uttale frå til dømes PP-tenesta, helsestasjon/lege.
Krav til dokumentasjon for barn det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester: Skriftleg vedtak frå barnevernstenesta.
2. Barn med rett til barnehageplass
 - Søsken til barn som har barnehageplass i same barnehage.
 - Søsken som søker plass samtidig i same barnehage.
 - Minoritetsspråklege barn som treng støtte til inkludering i lokalsamfunnet.

Styrary tek hensyn til gruppesamansetning og alder.

12. Bemanning

Sentral norm for pedagogisk bemanning i barnehage: Barnehagen skal ha minst ein pedagogisk leiar per sju barn under tre år og ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Eitt barn til utløyser krav om ein ny fulltidsstilling som pedagogisk leier. Barn vert rekna for å vera over tre år frå og med august det året dei fyller tre år.

Sentral norm for grunnbemanning i barnehage er minimum 3 årsverk per 18 barn over 3år, og per 9 barn under 3år.

Dei som skal arbeida i barnehage må leggja fram politiattest i forkant av tiltreding i stilling.

13. Helse

Før eit barn startar i barnehage, skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse. Har barnet møtt til ordinær kontroll på helsestasjon, kan slik erklæring gis av barnet sine føresette, Jf. barnehagelova § 50. Føresette som ikkje har vore regelmessig til kontroll på helsestasjon med barnet/barna sitt/sine må leggja fram helseattest frå lege. Sjuke barn skal ikkje møta i barnehagen.

14. Internkontroll – Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordningar

Kommunen, ved kommuneoverlegen, gjev rettleiing og rådgjeving om helsespørsmål. Hun fører også tilsyn med at forskrifta vert følgt.

15. Forsikring

Kommunen har ansvar- og ulykkesforsikring for barna i dei kommunale barnehagane. Barna er forsikra på direkte veg til og frå barnehagen. Dei er i tillegg forsikra i den tida dei oppheld seg i barnehagen og på turar/utflukter i barnehagen sin regi. Personalet har ansvar for barna i barnehagen si opningstid. Foreldra har ansvar for barna i hente- og bringesituasjon. Informasjon om forsikringsavtalen får ein i barnehagen.

16. Teieplikt

I tråd med barnehagelova § 44 har personale og barnehageeigar teieplikt etter reglane i forvaltingslova § 13 til 13 f. Tilsette i barnehagane skal skriva under erklæring om teieplikt når dei tek til i jobben.

17. Opplysningsplikt

Barnehagepersonalet skal gje sosialtenesta bistand i klientsaker, jf. Lov om barnehagar § 45. Lov om barnehagar § 46 understrekar at heile personalet har meldeplikt til barnevernstenesta i samband med mistanke om mishandling og alvorleg omsorgssvikt.

18. Tilsyn

Kommunen sitt tilsyn med barnehagar er fastsett i Lov om barnehagar §§ 10 og 53.

19.Årsplan

Barnehagane skal utarbeida årsplan som er i tråd med «Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver».

20.Ansva

Stord kommune/tilsette i barnehagen har ikkje økonomisk ansvar for medbrakte klede eller andre eigendelar, til dømes barnevogner.

21.Endring i vedtektene

Kommunestyret godkjenner/endrar vedtektene for dei kommunale barnehagane i Stord kommune.

Innhaldet i desse vedtektene vart endra av kommunestyret 26.05.2016.

Vedtektene gjeld frå 1.august 2024.

Vedtektene kan verta endra i bruksåret dersom føringar frå staten eller lokale vedtak tilseier det.